

**Hordaland fylkeskommune**

Postboks 7900

5020 BERGEN

Vår dato: 06.10.2015

Vår ref: 2015/3001 - 19282/2015 /

Dykkar ref:

**Vedr. oppretting av regionale bompengeselskap**

Me viser til brev frå samferdsledepartementet av 8. september i år om etablering regionale bompengeselskap og til oppslag på departementet sine nettsider. Fylkeskommunane har fått oppgåva med å samordna planlegging og førebuing av saka. Stord kommune melder med dette si interesse for å stå som vertskommune for selskapet sør/vest, med ansvarsområde Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.

Stord ligg sentralt plassert på Vestlandet langs kyststamvegen E39, midt mellom Bergen og Stavanger. Regionsenteret Stord har gode kommunikasjonar med buss og båt. Det er flyplass på øya, og kort veg til Helganes på Karmøy og Flesland i Bergen.

Kommunen har nær 19 000 innbyggjarar. Utdanningsnivået i kommunen er høgt og tilgangen på kvalifisert arbeidskraft erfarer me som god. Her er eit godt utbygd offentleg tenestetilbod, med sjukehus, høgskule og tingrett. Stord kommune er eit senter for vidaregåande utdanning, og har gode kvalitetar innanfor kultur, handel og uteliv.

Kommunen har eit robust næringsliv med solide hjørnesteinsverksemdar. Den olje-/offshore-relaterte verksemda er likevel sårbar for svingingar i marknaden og kommunen opplever tidvis høg arbeidsløyse. Statlege arbeidsplassar vil vera eit viktig bidrag for å tryggja meir stabil sysselsetting.

Me meiner at stordsamfunnet har dei kvalitetar som trengst for å vera vertskommune for det nye selskapet. Som vertskap vil kommunen medverka til at det vert lagt godt til rette for etableringa.

Me ber om at fylkeskommunen tek Stord kommune med i sitt vidare arbeid med saka. Me stiller gjerne på eit møte for å presentera saka nærare.

Med helsing

Magnus Mjør

Magnus Mjørrådmann

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*

Kopi til:  
Samarbeidsrådet for Sunnhordland